



## Notat

Dato: 27.03.2015  
Arkivsak: 2015/2934-7  
Saksbehandlar: josaksd

---

Til: Hanne Kathrin Vie

Frå: Jostein Aksdal & Gunnbjørg Austrheim

---

### Kulturminnefagleg merknad til planprogram for kommuneplan Vaksdal kommune

Kulturminne er ein ikkje-fornybar ressurs, som gjev oss andre perspektiv på korleis me har utvikla og tilpassa oss til dei ulike natur- og kulturlandskap gjennom tida. Hordaland fylkeskommune viser til at Vaksdal kommune nyleg har lagt fram ein god plan for kulturminne i kommunen. Det er viktig at dette arbeidet ikkje må stoppa opp.

Kommuneplanen er eit viktig planverktøy der fleire av målsettingane i kulturminneplanen kan forankrast og gjerast moglege å gjennomføre. Kulturminneplan vil slik vere ein viktig reiskap for kommunen i forvaltning av kulturminne. I arbeidet med kommuneplanen vil den vera eit nyttig verktøy som fangar opp kulturminna lokalt. Dette kan auka muligheita til å fokusera på dei ulike satsingsområde som t.d. reiseliv, utdanning, fysisk miljø, marknadsføring, utvikling av attraktive tettstader og identitetsskaping i kommunen.

#### Planprogrammet for kommuneplanen

Kommuneplanen bør har eit eige kapittel som fokuserer på temaet «kulturminne». Her må viktige objekt og område innan kulturminne og kulturmiljø skildrast: Kva tiltak som kan nyttast for å ivareta og utvikle kulturminna på best mogleg måte. Dei automatisk freda kulturminne og andre vedtaksfreda kulturminne skal vera ein integrert del av kommunen sin politikk. Det er viktig å ha fokus på både direkte konsekvensar og indirekte verknader av kommunale prioriteringar. Dette gjeld særleg ved føreslårte nye tiltak – arealbruk.

Kommunen bør bruke dei databasane og kjeldene som er tilgjengelege som gjeld kulturminneinteressene som grunnlag for arealdisponering. Det kan med fordel arbeidast ut eit kart som viser Vaksdal sine kulturminne grunnlaget ligg alt i dei registreringane som er gjort i samband med kulturminneplanen. På same vis vil ei oversikt over verneverdigde hus og kulturmiljø vera viktig å få kartfesta. Målsettingane med skilting og tilrettelegging bør vera del av planstrategi i kommuneplanen.

Nye byggeområde og LNF-område med spreidd utbygging som er i konflikt med kulturminne bør unngåast. Hordaland fylkeskommune som delegert kulturminnemynde vil kunne fremja motsegn om planframleggget har konfliktar med nasjonale eller regionale verdiar.

### ***Omsynssoner***

Kommuneplanen må vise kulturminne på kart. Freda kulturminne skal visast på plankart med omsynssoner (d), jf. Plan- og bygningsloven (Pbl) § 11- 8, d. Kulturminne som ikkje er freda kan ha ein verneverdi, desse bør visast på plankartet som omsynssoner (c) innanfor delplanområda, jf. Pbl § 11-8, c. Dei kommunalt prioriterte kulturminna bør og visast i planen. Omsynssoner skal i utgangspunktet kombinerast med arealføremål som ikkje opnar for nye tiltak. Det må vidare knytast føresegner til omsynssone (d) og retningsliner til omsynssone (c) som sikrar at verneføremåla blir ivaretakne.

Jostein Aksdal

Kopi til:  
Gunnbjørg Austrheim